

Startar året med filmen Min elskede**11.01.2014**

***Min elskede* er ein vakker og ærleg film om å kjempe for kjærleiken – for alt den er verd – når den vert utfordra av Alzheimer sjukdom. Kjærleiken er ei uimotståeleg kraft som skakar oss når den tek tak.**

Alvorleg sjukdom kan slå ned like heftig og plutselig som kjærleiken og vert ofte opplevd spesielt vanskeleg når den rammar tidleg i eit livsløp. *Min elskede* fortel historia om korleis desse to sidene av livet møtest. Filmen er eit nært portrett av to modige menneske som står fram for å vise oss Alzheimers sitt usminka og sanne ansikt. Den nære skildringa vekkjer latter og tårer, og den gir oss djupare innsikt. *Min elskede* vann prisen for beste dokumentarfilm under Nordiske Filmtage i Lübeck i november 2011.

Demenssjukdom vart for alvor sett på dagsordenen i Noreg i mars 2008 då tidlegare fiskeriminister Jan Henry T. Olsen og kona Laila Lanes sto fram offentleg og fortalte om Jan Henry sin Alzheimerssjukdom. Saka skapte stor interesse nasjonalt og internasjonalt. I tida etterpå har dei vore med i radio- og TV-program, halde foredrag og deltatt på ei langrekke arrangement knytt til Alzheimers. Dei har også gjeve ut boka *Skynd deg å elske*, ført i pennen av Laila Lanes. I filmen *Min elskede* følgjer vi ekteparet gjennom eit år med frustrasjon, glede og sorger i livet med demenssjukdom.

Etter filmen på Husnes 23. januar vert det årsmøte. Innkalling, dagsorden og årsmøtedokumenta er lagt ut på heimesida: senioruniversitet.no. Dokumenta vil og bli omdelt på årsmøtet.

Grethe Brundtland
Kvinnherad Senioruniversitet